



Stipendiat i visualisering

Ved [Institutt for informatikk](#) er det ledig ei stilling som stipendiat i visualisering knytt til prosjektet MetaVis, finansiert av Noregs Forskningsråd. Stillinga er for ein åremålsperiode på tre år, med høve til eit fjerde år. Ein ph.d-grad i informatikk, visualisering, er svært etterspurd innan næringsliv, forvaltning og akademia.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

Vi søker etter høgt motiverte kandidatar med interesse for visualisering. Den som vert tilsett bør ha god kompetanse i visualisering, menneske-datamaskin interaksjon og/eller datagrafikk. Meir detaljert:

- Du må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande i informatikk. Masterstudentar kan søkje dersom dei fullfører den endelige mastereksamen før 01.12.2018. Det er ein føresetnad at mastergraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Gode ferdigheter innan programmering er eit krav, og GPU programmeringsferdigheter (OpenGL, OpenCL, CUDA, WebGL, etc.) er ønskeleg.
- Du må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner.
- Du må ha gode skriftlege og munnlege engelskkunnskapar.

Personlege og mellommenneskelege eigenskapar vil bli lagt vekt på. Ambisjonar og potensial vil også telle ved vurdering av kandidatane.

Om stipendiatstillinga

Samla stipendperiode er 3 år, med høve til eit 4. år bestående av oppgåver relatert til undervisning, fordelt med 25 % over tilsetjingsperioden. Dette avheng av kandidaten sine kvalifikasjonar og instituttet sitt behov for undervisning, og vil bli avgjort av instituttleiar ved tilsetjing.

Om du tidlegare har vore tilsett i rekrutteringsstilling, kan det bli gjort frådrag i tilsetjings-perioden.

Om forskarutdanninga

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.- grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Endeleg plan for gjennomføringa av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan tre månader etter at du har teke til i stillinga. Det er ein føresetnad at du [fyller krava for opptak til ph.d.- studiet](#) ved Universitetet i Bergen.

Vi kan tilby

- eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønssteg 51 (kode 1017 /LR20, alternativ 9) i det statlege lønnsregulativet. Dette utgjør ei årsløn på kr 449 400,- brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Søknaden skal innehalde

- ei kort utgreiing om dine forskningsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- namn og kontaktopplysningar til to referansar. Ein av desse bør vere hovudretteleiareren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve.
- CV i PDF-format (i tillegg til CVen du fyller inn i Jobbnorge-portalen)
- karakterutskrifter og vitnemål for bachelor- og mastergrad
- relevante attestar
- eventuell liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste)
- eventuelle publikasjonar

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge.

Generell informasjon

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til professor [Stefan Bruckner](#) (stefan.bruckner@uib.no) eller førsteamanuensis [Noeska Smit](#) (noeska.smit@uib.no).

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga. Vi

oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvotering.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Jobbnorge-ID: 154924, Søknadsfrist: Avsluttet